



# Fellesvedtekter for Høgres kommuneforeiningar

# Fellesvedtekter for Høgres kommuneforeiningar

Vedtatte av Høgres sentralstyre 28. februar 1972, med endringar vedtatt siste gong av sentralstyret 17. september 2021.

## § 1 Formål

Bjørnafjorden Høgre, som er Høgres foreining i Bjørnafjorden kommune, vil føre ein konservativ framstegspolitikk, bygd på det kristne kulturgrunnlag, rettsstaten og folkestyret, for å fremje personleg fridom og sosialt ansvar, medråderett og eigedomsrett, og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

Foreininga er gjennom sin fylkesorganisasjon tilslutta Høgres Hovudorganisasjon, og skal følge opp dei programma og sette i verk dei planer som organa deira har vedtatt.

Foreininga har ansvaret for Høgres totale politiske og organisatoriske arbeid i kommunen.

Kommunestyregruppa har ansvar for arbeidet med dei politiske sakene i kommunestyret, innanfor ramma av det vedtatte kommunestyreprogrammet og reglement for kommunestyregruppa.

## § 2 Organisasjon

Foreininga sine organ er styret, årsmøtet og nominasjonsmøtet.

Styret kan oppnemne eit arbeidsutval og fastsette utvalet sitt arbeidsområde.

Foreiningar i Unge Høgre, Høgres Studentar og Senior Høgre som er godkjent i samsvar med sideforeiningane sine egne vedtekter og organ er definert som Bjørnafjorden Høgres sideforeiningar.

Årsmøtet i foreininga skal haldast innan 1. desember kvart år.

Nominasjonsmøtet for kommunevalet skal normalt finne stad innan 1. desember i mellomvalår.

Prøvenominasjon til fylkestings- og stortingsval skal finne stad i samsvar med «Reglement for nominasjon på fylkesnivå» vedtatt av sentralstyret.

## § 3 Medlemskap

Partiorganisasjonen bygger på individuelt medlemskap.

Alle innbyggjarar i kommunen som har fylt 15 år og er einig i foreininga sitt formål, kan vere medlemmer. Unntatt er innbyggjarar som er tilslutta andre parti eller som har sagt seg villig til å stå på eller arbeider for å etablere ei konkurrerande valliste.

Medlemmer av godkjente foreiningar i Unge Høgre, Høgres Studentar og Senior Høgre har ordinære medlemsrettar i den kommunen der dei er folkeregistrert.

Medlemmer av godkjent Senior Høgre-foreining som er busett i kommunen er samstundes medlemmer av foreininga.

Medlemskap i Høgre gjev ein eksklusiv rett til å delta i den formelle demokratiske avgjerdsprosessen, medrekna det å bli valt til verv i partiorganisasjonen, stille som kandidat til vallister og kunne stemme på partiets års-, program- og nominasjonsmøter.

Medlemskapet stadfestast ved betalt kontingent og er ein føresetnad for deltaking i avgjerande organ og for å vere valbar på alle nivå i Høgres organisasjon og vallister.

For å ha stemmerett på møter i Høgre, krevst minst 4 veker langt medlemskap og at medlemskontingenten er betalt før møtestart. Dette gjeld også medlemskap via godkjente foreiningar i Unge Høgre, Høgres studentar eller Senior Høgre. Det tillatast ikkje bruk av fullmakter på møter i Høgre.

For å kunne delta ved prøvenominasjon til fylkestings- og stortingsval, nominasjon av kandidatar til kommunestyreval og vere valbar som utsending til nominasjonsmøte på fylkesnivå og stortingsvaldistrikt, må ein ved valet det nominerast til vere stemmefør i kommunen etter Vallova.

Medlemmer av Unge Høgre eller Høgres studentar med tillits- eller folkevalde verv valt av si foreining eller fylkesorganisasjon, må ha medlemskap i Høgre for å ha fulle rettar.

Medlemmer av Unge Høgre eller Høgres studentar som gjennom sine medlemskap er knytt til 2 forskjellige kommune-foreiningar, har kun stemmerett i den kommune-foreininga kor dei er registrert busett i folkeregisteret.

Medlemmer utan tillits- og folkevalde verv som ikkje ønsker å vere knytt til foreininga, kan få sitt medlemskap registrert direkte under fylkesorganisasjonen eller Høgres Hovudorganisasjon. Ei slik tilknytning gjer at ein mister sin rett til å delta i den formelle demokratiske avgjerdsprosessen i foreininga.

#### § 4 Arbeidsutval

Dersom styret finn det hensiktsmessig, kan det opprettast eit arbeidsutval beståande av følgende medlemmer:

- leiar
- nestleiar(ar)
- leiar av kommunestyregruppa og/eller ordførar
- Unge Høgres leiar
- Senior Høgres leiar

Styret fastset arbeidsområde og fullmakter for arbeidsutvalet.

Det skal førast avgjerdsprotokoll frå alle møter og desse skal leggst fram for styret.

#### § 5 Styret

Styret representerer foreininga eksternt, leiar partiarbeidet i kommunen og er foreininga sitt utøvande organ.

Styret består av:

- leiar
- nestleiar(ar)
- minst eit styremedlem valt av årsmøtet
- leiarane av godkjente sideforeiningar
- ordførar
- leiar av kommunestyregruppa

- byrådsleiar (eventuelt Høgres framste byråd dersom ein ikkje har byrådsleiar)

I kommunar utan godkjente sideforeiningar, kan styret oppnemne kontaktpersonar med vara utan stemmerett. Styret kan også gje andre tillitsvalde åtgang til å ta del i sine møter utan stemmerett.

Styret har ansvaret for:

- å godkjenne foreninga sitt årsregnskap med revisjonsmelding og rapportere til myndighetene i tråd med Partilova.
- arbeidet med kommunevalprogrammet etter dei retningslinjer som er vedtatt for dette arbeidet
- økonomiarbeidet i kommuneforeininga, i samsvar med Høgres økonomireglement vedtatt av Høgres sentralstyre, inkludert avlegging av offisielt rekneskap.
- opplæringsarbeidet i kommuneforeininga.
- planlegging og gjennomføring av kampanjar.
- arbeidet med rekruttering og andre organisasjonsoppgåver i foreininga.
- å følge opp program og sette i verk planar vedtatt av fylkesorganisasjonen og Høgres Hovedorganisasjons organ.
- å rapportere om økonomiske forhold i samsvar med offentlege pålegg og Høgres reglement.
- at medlemsopplysningar behandlast i samsvar med Personvernlova og Høgres reglement.
- rammene for nominasjonsprosessen, inkludert avgjerd av bruken av kandidatavtalar og uravstemning blant medlemmene og om det skal gjennomførast tidlegare nominasjon av ordførar og/eller byrådsleiar kandidat i eit eige nominasjonsmøte.
- å sjå til at nominasjonsprosessen følgjer «Reglement for nominasjonsprosesser».
- å innstille på valkomite til årsmøtet.
- å opprette og halde ved like eit arkiv for foreninga for minimum å dokumentere styremøtene, årsmøter, nominasjonsmøtet og konstituerande møte i kommunestyregruppa.

Styret oppnemner:

- nominasjonskomité som forbereder nominasjonen av partiet sine kandidatar ved kommunestyreval.
- forhandlingsutval for kommunevalet bestående av representantar frå foreininga og den påtroppande kommunestyregruppa og fastset utvalet sitt mandat.
- komitear og utval som vurderast nødvendige. Alle komitear og utval bør vere sett saman slik at dei også dekker sideforeiningane sine interesser.

Styret førebur sakliste og kallar inn til årsmøte, nominasjonsmøte og konstituerande møte i kommunestyregruppa.

Styret er vedtaksdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stades.

Det skal som eit minimum førast avgjerdsprotokoll frå alle møter.

## § 6 Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast innan 1. desember og kallast inn med minst 3 veker varsel.

Tid og stad for årsmøtet, saman med sakliste, skal som minimum gjerast kjent via foreininga sine heimesider, ved e-post til medlemmer i foreininga og sideforeiningar og per brev til medlemmer utan registrert e-postadresse.

Foreininga sine vedtekter skal vere tilgjengeleg på foreininga sine heimesider.

Årsmøtet bør haldast for opne dører. Møtet avgjer sjølv dette spørsmålet. Forslag og saker som ønskast behandla, må vere sendt styret seinast 2 veker før møtet.

Årsmøtet behandlar:

- styrets orientering inklusiv rapport frå sideforeiningane, også status for opplæringsarbeidet.
- den politiske situasjon i kommunen.
- rapport frå kommunestyregruppa, inkludert rekneskap dersom gruppa disponerer egne middel.
- siste avlagte årsrekneskap med revisjonsmelding ved å ta dette til orientering.
- saker som fylkesstyret eller sentralstyret legg fram.
- Arbeidsmål for den neste perioden.
- Valkomiteen si innstilling på val av:
  - leiar
  - nestleiar(ar)
  - minst eit styremedlem
  - vararepresentantar til styret
  - 2 revisorar blant medlemmene eller 1 autorisert revisor
  - utsendingar med vararepresentantar til fylkesorganisasjonen sitt årsmøte
  - styret si innstilling på val av valkomite for neste årsmøte

Styret legg fram for årsmøtet rekneskapsrapport for perioden frå 1. januar til siste månadsslutt før årsmøtet og budsjett for det komande året. Årsmøtet tar desse til orientering.

Leiar, nestleiar(ane) og styremedlemmene blir valt av årsmøtet for 2 år slik at tilnærma halvparten trer ut kvart år, første gang ved loddtrekning.

Det blir valt vararepresentantar kvart år. Sideforeiningane sine nestleiarar er vararepresentantar til styret.

Dersom eit årsmøtevalt medlem i styret trer frå i løpet av det første året, gjennomførast det suppleringsval for eit år på det første ordinære årsmøtet.

Personval går alltid føre seg skriftleg dersom det er fleire kandidatar enn det skal veljast, eller dersom minst eit medlem til stades krev det.

Ved val på ein enkelt tillitsvalt, krev ein absolutt fleirtal av dei gitte stemmer. Dersom ingen har oppnådd dette fleirtall ved første avstemming, vert det haldt bunde omval mellom dei 2 kandidatane som oppnådde flest stemmer.

Når det er val på fleire tillitsvalte under eit, og det er nødvendig med skriftleg avstemming, må det på kvar stemmesetel stemmast på det talet kandidatar som skal veljast. I tilfelle stemmelikhet foretas bundet omvalg. Dersom det etter omvalget er stemmelikskap, avgjer ein utfallet ved loddtrekning.

Det førstast protokoll frå møtet som signerast av møteleiar og 1 valt deltakar.

## § 7 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn med minst 2 vekers varsel dersom styret finn det nødvendig, dersom 1/4 av foreininga sine bekrefta medlemmer krev det, eller dersom fylkesstyret eller sentralstyret avgjer det. Alle medlemmer av foreininga og sideforeiningane kan ta del med fulle rettar etter §3.

Tid og stad for årsmøtet, saman med sakliste, skal som minimum gjerast kjent via foreininga sine heimesider, ved e-post til medlemmer i foreininga og sideforeiningar og per brev til medlemmer utan registrert e-postadresse.

Ekstraordinært årsmøte skal kun behandle sakene som er varsla i innkallinga.

Det førstast protokoll frå møtet som signerast av møteleiar av møtet og 1 valt deltakar.

## § 8 Nominasjon, nominasjonsmøtet, forhandlingar og konstituering av kommunestyregruppa

Styret oppnemner nominasjonskomité som førebur nominasjonen av partiet sine kandidatar ved kommunestyreval. Jfr §5.

Nominasjonskomiteen skal innhente forslag frå medlemmene og legge fram for nominasjonsmøtet ei oversikt over føreslåtte kandidatar, samt eige forslag til valliste.

Avtaler om listesamarbeid med andre parti må godkjennast av fylkesstyret, som også kan pålegge foreininga slike samarbeidsavtaler.

Nominasjonsmøtet skal normalt haldast innan 1. desember i mellomvalåret, og kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet haldast for opne dører.

Tid og stad for nominasjonsmøtet, saman med sakliste, skal som minimum gjerast kjent via foreininga sine heimesider, ved e-post til medlemmer i foreininga og sideforeiningar og per brev til medlemmer utan registrert e-postadresse.

Ved stortingsval og ved fylkestingsval avgjer styret innstilling overfor medlemsmøtet på val av nominasjonsutsendingar, og fremmar forslag på kandidatar.

Dersom det avdekkast alvorlege brot på «Reglement for nominasjonsprosesser», og desse brota blir bekrefta av Høgres Hovudorganisasjon, kan 1/4 av foreininga sine bekrefta medlemmer krevje at det kallast inn til ekstraordinært nominasjonsmøte. Fylkesstyret eller sentralstyret kan også i alvorlege tilfelle, der den feil som er gjort har avgjort nominasjonsmøtet sitt utfall, avgjere å innkalle til ekstraordinært nominasjonsmøte.

Snarast mogleg etter eit kommunestyreval, og før første møte i kommunestyret, skal styret i samråd med ordførarkandidaten/gruppeleiarkandidaten kalle inn til konstituerande møte i kommunestyregruppa for val av gruppestyre, vedtak av gruppa sitt reglement, godkjenning av eventuelle forhandlingsresultat med andre parti og forslag på disponering av gruppa sine medlemmer.

## § 9 Suspensjon

Styret kan med alminneleg fleirtal fatte vedtak om suspensjon frå tillits- eller folkevalde verv i Høgre for ein periode på maksimalt 12 månader når:

1. Folkevalt medlem har brote med gruppa sitt reglement.
2. Medlemmen ved sin handlemåte har skada Høgre utad eller innad.
3. Medlemmen har brote Høgres vedtekter eller Etsiske retningslinjer i Høgre.
4. Medlemmen ikkje rettar seg etter åtvaring gitt på grunnlag av punkt 1, 2 eller 3.

Ankeinstans for vedtak fatta av kommuneforeining er fylkesstyre i den respektive fylkesorganisasjon.

Ankefristen er 3 veker frå det tidspunkt beskjed om suspensjon er mottatt.

Suspensjonsvedtak gjeld alle verv i Høgre. Medlemmer som er suspendert har i suspensjonsperioden ikkje rett til å utøve sine medlemsrettar, og kan heller ikkje veljast til nye tillits- og folkevalde verv.

## § 10 Eksklusjon

Styret kan med 2/3-flertall fatte vedtak om eksklusjon av medlemmer knytta til kommuneforeininga når medlemmen:

1. Vedkjenner seg til ein annan politisk oppfatning enn den som bygger på Høgres formålsparagraf.
2. Ved sin handlemåte har skada Høgre eksternt eller internt, eller brote Høgres vedtekter eller Etiske retningslinjer i Høgre.
3. Er medlem av eit anna politisk parti.
4. Ikkje rettar seg etter åtvaring gitt på grunnlag av punkt 1, 2 eller 3.

Ankeinstans for vedtak fatta av kommuneforeining er fylkesstyre i den respektive fylkesorganisasjon. Dette vedtaket kan vidare ankast til Sentralstyret for endeleg behandling

Ankefristen er 3 veker frå det tidspunkt beskjed om eksklusjon er mottatt.

Eksklusjonsvedtaket gjeld for alle foreiningar i Høgre og Høgres sideorganisasjonar. Vedtaket kan ikkje gjerast om innan utløpet av neste kommunestyreperiode. Den ekskluderte må i slike tilfelle søke sin foreining om å bli tatt opp som medlem.

Medlemmer som er villig til å stå på eller arbeider for å etablere ei konkurrerende valliste vil etter vedtak i kommuneforeininga automatisk miste sitt medlemskap.

## § 11 Administrasjon

Årsmøtet kan avgjere å opprette sekretariat for foreininga. Sekretær blir tilsett av styret etter innstilling frå fylkesstyret. Sekretæren er administrativt underlagt fylkessekretæren. Spørsmål om tilsette sine lønns- og arbeidsvilkår kan leggast føre fylkesorganisasjonen til utsegn.

## § 12 Vedtektsendringar

Til endring av vedtektene krevst 2/3 fleirtal av dei gitte stemmer på årsmøtet.

Avvik frå «Fellesvedtekter for Høyres kommuneforeiningar» må godkjennast av Høgres lovkomité.

## § 13 Oppløysning

Oppløysning av kommuneforeininga kan kun skje etter vedtak i fylkesstyret etter føregåande årsmøtevedtak fatta med 2/3-fleirtal i kommuneforeininga.

Foreininga sine middel og arkiv overlatast til fylkesorganisasjonen ved oppløysning.